



Sunnfjord vassområde

Møte i prosjektgruppa for Sunnfjord vassområde

11. november 2015 - kl 9.30 – 12.30

Førde rådhus, møterom Anga

Påmeldte pr 06.11.:

Geir Grytøyra – Askvoll og Fjaler (stiller denne gongen i staden for Johannes Folkestad)

Anders Espeset – Flora

Kaja Standal Moen – Flora

Harald Eikenes – Naustdal

Arne Sortevik – Naustdal

Solfrid Trå – Jølster

Berit Holme – Førde

Odd Harry Strømsli – Førde

Ola Kvaal frå landbruk – Førde

Torill Segtnan, teknisk drift – Førde

Magne Reidar Førde teknisk – Førde

Staffan Hjøhlman

Saker:

1-2015. Oppsummering av regionalt tiltaksprogram for 2016 - 2021. Kva inneheld tiltaksprogrammet av oppgåver for kommunane?

2-2015. Problemkartlegging

Tiltaksprogrammet inneheld mykje problemkartlegging i forhold til jordbruksavrenning, spreidde avløp og kanalisering/forbygging. Problemkartlegging kan løysast ved å kjøpe konsulenthjelp til kjemisk / biologisk prøvetaking, tilførselsanalysar og evt utgreiing av tiltak. Kommunane kan samarbeide om dette i regi av vassområdet. Vassområdet disponerer pr i dag midlar som kan nyttast til dette (Sak 5). Alternativt kan kommunane arbeide sjølvstendig med dette ved å kjøpe tenester av konsulent, evt bruke eigne personalressursar. Tilsvarande oppdrag utført for Nordfjord vassområde finn de på vannportalen: <http://www.vannportalen.no/vannregioner/sogn--og-fjordane/vassomrade/nordfjord/nyhende-nordfjord/2015/mote-i-nordfjord-vassomradeutval-22.011.2015/> (Hovudrapport og delrapportar for enkeltkommunar). Prisen for dette oppdraget ved Asplan Viak var ca 900 000 kr.

Dersom konsulentoppdrag skal gjennomførast i 2016 bør ein sette i gang førebuingar for konkurransegrunnlag allereie i haust.

3-2015. Samarbeid om kartlegging og tilsyn av spreidde avløp har vore omsnakka tidlegare. Skal prosjektgruppa / vassområdeutvalet vere pådrivar for dette arbeidet? Korleis legge opp arbeidet?

4-2015. Temagrupper. Oppretting av temagrupper innan landbruk og avløp, evt også fysiske inngrep (forbygging/kanalisering, vegkulvertar, hamnar) (jamfør prosjektplanen). Kven skal inviterast til desse gruppene?

5-2015. Midlar frå tidlegare år som står på fond. Korleis skal desse pengane nyttast? Problemkartlegging (Sak 2)?

6-2015. Møteplan for fyrste ½-1 år

Postadr.:
Gloppen kommune
Grandane 9
6823 Sandane

Telefon:
90 40 26 61

E post:
staffan.hjohlman@sfj.no



Sunnfjord vassområde

7-2015. Tilskotsordningar

Jamfør rundskriv frå klima- og miljødepartementet 05.11.2015

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/tilskotsordningar-for-2016/id2460185/>

Aktuelle poster:

Generell vassforvaltning (Kap. 1420 post 70, underpost 3) – søknadsfrist 15. januar 2016

Oppryddingstiltak (Kap. 1420 post 69) – løpande handsaming av søknader

Tilskot til truga arter (kap. 1420 post 82, underpost 1)